


Kyrkjebladet for VAKSDAL

80. ÅRG. / NR. 2 - 2025



God
sommar!



Jubileum
på Eidsland

Side 5-7

Møt
Anne Margrete

Side 8

Konfirmant-
bilete

Side 16

www.kyrkja.no/vaksdal



DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL**Kyrjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14**Kyrkjevevje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Fredrik Hope

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. 41 33 17 86 / E-post: fh493@kyrkja.no

Sokneprest Frode KvamsøePrest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen
og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Kristin Straume Normann

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Kantor Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

Vaktmeister Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Kyrkjelydssekretær Martin V. Kvamsøe

Tlf. 56 59 39 20 / E-post: mk279@kyrkja.no

Samtale med presten?

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjonom gudstenester mmm m finn du på
kyrkja.no/vaksdal og skjerikyrkja.no**GATEADRESSER:****Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014**Eksingedalen kyrkje:** Søralsvegen 10**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34**VIPPS**

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkjeleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111

**Stoff til neste nummer må vera kome inn til 15. august 2025.***Bilete på framsida: Frå jubileumsgudstenesta på Eidsland 31. mai. Foto: Jan-Egil Dyvik***Sumaren er her...**

Når sumartida nærmar seg, kjennest det i lufta at det er på tide å slå av ein knapp, puste ut. Nyte dei lange, lyse dagane som gir oss ny energi etter ei travel tid. Sumaren handlar om meir enn plaske i vatn og solkrem – det er ein kjærkommen pause der me kan skape minner saman med dei som betyr mest for oss.

For oss som bur ved fjorden eller i fjellet, byr sommaren på ekstra magi. Livet ved fjorden er fylt med stille stunder, lyden av bølger som klukkar mot båten og vakre solnedgangar som speglar seg i vatnet. Samstundes lokkar fjellet med den friske lufta, flotte landskap og utsikt som tek pusten frå deg. Her kan ein gå på tur, kjenna den svalande fjellufta i lungene, og kjenna på ei indre ro.

Lat oss bruka denne sumaren til meir enn berre kvile. Lat oss setja av tid til å vera saman med vener og familie, og styrkja dei sterke banda til dei meir er glade i, og kanskje lage nokre nye. I ei verd der kvardagen ofte tek over, er det viktig å ta vare på kvarandre. Våga å vera til stades, og nyte dei små tinga.

God sumar!

*Bjart-Magnus N. Rosvold, Kyrkjevevje i Vaksdal***Fellesrådsleiar:**

Elisabeth Verpelstad, tlf. 40 89 53 24 /

e-post: elisabeth.verpelstad@icloud.com

Soknerådsleiarar:

Bergsdalen: Kari Kristin Hopperstad Rødland, tlf. 97 79 19 43

Dale: Eli Leiren, tlf. 99 32 53 53

Eksingedalen: Kari Brørvik, tlf. 99 48 59 18

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Tove Margrete Nordmark, tlf. 99 64 23 17

Den norske kyrkja si heimeside: www.kyrkja.no**Björgvin bispedømme si heimeside:** www.kyrkja.no/bjorgvin**Bibelen på nett:** www.bibel.no**KYRKJEBLADET FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Avgiftsfritt.

Bladpengar: kr 250,-

Bankgiro: 3500.07.05800

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Bladstyar: Kyrkjevevja i Vaksdal**Grafisk utforming:** Wenche Horvei**Kasserar:** Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam**Eksp. og trykk:** RKGrafisk, tlf. 99 21 42 00**Retur til:** Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 DalekvamKyrkjeblader frå 1971 og framover kan lesast på: kyrkja.no/vaksdal



Symbol på Den heilage ande, frå ein messehakel i Vaksdal kyrkje.

Pinse

Kyrkja vår har tre store høgtider: påske, pinse og jul. I kyrkja si tidlege historie var det berre søndagen som vart feira, oppstandelsesdagen, den første dagen i veka. Søndagen er på denne måten både skapelsens og ny-skapelsens dag. Dette var dagen då Gud i byrjinga skapte lyset, dagen då Jesus stod opp sigrende over dødens makt, dagen når himmel og jord ein gong skal bli ny.

Etter kvart, i løpet av dei første hundreåra, byrja kyrkja først å feire påsken som ei eiga høgtid. Sidan kom også pinsen med som ein viktig del av kyrkjeåret. Dette skjedde på slutten av 100-talet, men det var ikkje før på 300-talet at den siste store høgtida, jula, fekk koma med. I dag er det utan tvil jula som trekker flest folk til kyrkja, men påske og kvitsun, som pinsen lenge vart kalla, var dei første og største høgtidene. Namnet «kvitsun» kjem av at pinsen som påsken vart ei stor dåpstid med mange kvitkleddedåpskandidatar.

Både påske og pinse er opphavleg jødiske høgtider, der påsken er ei feiring av jødefolket sin frigjering frå slaveriet i Egypt og pinse ein feiring av at Gud slutta sin pakt med dei på Sinaifjellet og gav dei loven. På hebraisk heiter denne jødiske pinsa «shavuot», som tyder «vekene», og det syner til dei sju vekene frå påske til pinse. Ordet «pinse» kjem frå gresk «pentekoste», som tyder «den femtiande dagen». I dag tenkjer vi gjerne at tida mellom dei to høyrer til påsken, men dei første kristne kalla faktisk heile denne tida for «pentekoste». Den ortodokse kyrkja seier derfor framleis «pentechostarion» om sin liturgiske tid frå påske til pinse, og heldt med det fast på den gamle tanken.

Det nye testamente fortel oss at sju veker etter påske, på den femtiande dagen, då kjem Den heilage Ande til dei Jesus-truande i Jerusalem. Anden kjem med ein mektig lyd av brusande vind og tunge av eld,

fenomen som peikar tilbake på Guds pakt med Israel på Sinaifjellet. På Sinaifjellet viste Gud seg med stor kraft gjennom vêrteikn, og om vi les Johannes openberring vil desse teikna vil ein dag også følgje Jesu andre komme til jorda.

Særskilt vert elden eit viktig symbol både i jødisk tradisjon og i den kristne kyrkja. For jødane symboliserer elden loven som Gud gav til sitt utvalde folk på Sinaifjellet, pakta han slutta med dei. Medan elden som kom pinsedag står for oss som eit symbol på Den heilage Ande som vert gjeven til dei som satt sin lit til Jesus Kristus. Dermed deler vi same eldteikn. Eit teikn på den gamle pakta, der Gud gjorde jødefolket til sitt paktsfolk, og den nye pakta der Guds kjærleik vert skrive på hjarte til dei truande.

Denne kjærleiken, som Gud gjev gjennom Anden, er den fred som Jesus seier han etterlet seg, ein fred som kan frigjere oss frå angst og motløyse. Det er ein kjærleik som aldri dør, og som er med oss gjennom heile livet.

Som det så vakkert står skrive i ein gamal salme av Blix:

«Du ljøs av kjærleik, kom og skin,
Inn i mi myrke hytta!
Lat dine sæle strålar inn
I hjarta hugsamt glytta!»

Den Heilage Ande kjem med lys og varme til våre liv. Han styrkjer oss, og hans fred er det som held oss oppe i både glede og trengsel. Må Anden fylle oss med den same kjærleiken som kan setje oss fri, og gje oss ein fred som aldri endar.

Helsing
Fredrik Hope,
sokneprest

Min salme

Eg har ein salme som eg har vorte glad i, og eg har fått svar på bøn. Det er godt å få oppleve det. Salmen heiter *Det er makt i dei foldede hender*. Denne står i salmeboka på 631:

Det er makt i dei foldede hender.

Norsk Salmebok 631:

1 Det er makt i de foldede hender.
I seg selv er de svake og små.
Men mot allmaktens Gud du dem vender,
han har lovet at svar skal du få.

Refreng:

Det er svar underveis,
engler kommer med bud.
Om det drøyer, det fram dog skal nå.
For det lovet jo løftenes trofaste Gud:
Kall på meg, og du hjelpen skal få!

2 Du som ber for ditt barn dine kjære,
er i forbønn fra år til år,
om du tålmodets lekse må lære,
himlens bønnesvar engang du får.
Refreng

3 Det er makt i de foldede hender
når i Frelserens navn du får be.
Og engang når du livsløpet ender,
hvert et bønnesvar klart skal du se.
Refreng

Eg vil til neste kyrkjeblad utfordra min tidlegare nabo på Straume, Eidrun Straume Normann, til å skriva sin salme.

Med venleg helsing Oddveig Straume



VAKSDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD: 1. rekkje f.v.: Berit Pettersen (Bergsdalen), Anne Margrete Eikefet (Stamnes og Eidsland), Heidi Rongved (Vaksdal), Elisabeth Verpelstad (Dale) og Frode Kvamsøe (prest). 2. rekkje f.v.: Rune Nesheim (Eksingedalen), Anita Gullbrå (Nesheim), Bjart-Magnus N. Rosvold (kyrkjeverje) og Ole Anders Brekkuhus (kommunal representant). Bilete er teke då fellestrådet var på synfaring på Eidsland like før jubileet der.

Vaksdal kyrkjelege fellestråd

Fellestrådet er sett saman av ein representant frå kvart av sokne-råda i Vaksdal, ein prest og ein representant frå kommunen.

I tillegg er kyrkjevevja saks-handsamar og sekretær for rådet. Fellestrådet er forval-tar av kyrkjene og andre ei-gedomar, og av personell og

økonomi. Fellestrådet forval-tar om lag 10 millionar kroner i året. Om lag halvpar-ten av dette er pengar som kjem frå Vaksdal kommune,


og ein del av desse pengane er øyremerkte drifta av grav-plassane i Vaksdal.



Festdag på Eidsland

Då Eidsland skulle får seg eit gudshus kom det opp eit ynskje om at bedehuset og kunne nyttast til kyrkjeleg bruk.

EIDSLAND KAPELL: Eidsland kapell feirar 100-årsjubileum i år.
Foto: Jan-Egil Dyvik





UTSTILLING: Ei miniatutstilling var å sjå i våpenhuset.

Foto: Jan-Egil Dyvik



SONG: Hege Eide Vik song og organist Frode Vik spela til.

Foto: Jan-Egil Dyvik



FESTGUDSTENESTE: Sokneprest Fredrik Hope leia guds-tenesta.

Foto: Jan-Egil Dyvik

Huset vart såleis bygd som eit bedehuskapell, der ein kunne lukka inne alterpartiet bak foldedører. 29. april i 1925 vart bygget vigsla til kyrkjeleg bruk.

Festgudsteneste

Den siste dagen i mai var det tid for feiring. Og ho starta med ein festgudsteneste i kapellet. Gudstenesta vart leia av sokne-

prest Fredrik Hope – soknet sin nye prest sidan nyttår. Med seg hadde han dei tidlegare prestane Magne Olav Steinnes, Kjell Arne Norum og Edvard Bø, i tillegg til den andre presten i Vaksdal, Frode Kvamsøe.

Musikk

På den musikalske sida var det og fleire som bidrog. Ordførar-

og songar – Hege Eide Vik deltok med song. Det gjorde ho og under festen då kapellet sitt 75-årsjubileum vart feira. Lars Ragnvaldsen har vore kantor i Vaksdal og har såleis spela mykje i kapellet tidlegare. Han bidrog både med solo-song og som liturgisk medhjelpar. Asbjørn Ekse og Berit Indvær frå trekkspelgrup-

pa Asbjørns var og med.

Dei to noverande organistane i Vaksdal, Ruben S. Gertsen og Frode R. Vik var og sjølv-sagt med. Dei imponerte dei fleste ved å spela eit firhendig stykke av Mozart på orgelet. Stykket er skrive for piano, og når så rekka med tangentar på orgelet er mykje smalare enn på eit



JUBILEUMSFEST: Etter festgudstenesta var det fest i Grendahuset.

Foto: Monika Myster Dyvik

piano var det berre så vidt begge fekk plass på orgelkrakken og på tangentane samstundes.

Takkofferet gjekk denne dagen til folket i bygda, kanalisert gjennom Grendalaget, og det kom inn kr. 7600 til dei.

Gudstenesta vart avslutta av Anne Margrete Eikefet, som fortalte litt om bygget, og om inventar og utstyr som hadde vore i bruk tidlegare.

Heile programmet inne i kapellet held på i om lag to timar, men som ei av dei om lag sytti som var til stades sa etterpå: Eg såg ikkje eingong på klokka undervegs.

Jubileumsfest

Etter gudstenesta innbydde soknerådet og Grendalaget til fest i Grendahuset. Grendalaget sto for alt det praktiske, og diska opp med betasuppe, heimelaga flatbrød, kaffi og kaker. Soknerådsleiar Bjørn Stamnesfet leia festen, som inneheld både musikalske innslag, helsingar og orientering om boka – eller heftet – som kjem til hausten.

Frå dei andre sokna i Vaksdal kom dei ei pengegåve på kr. 2500 som soknerådet ynskjer



ORIENTERING: Kåre Ness fortel om boka om møbelfabrikkane på Eidsland. T.h. Bjørn Stamnesfet. Foto: Monika Myster Dyvik

å nytte til å kjøpe lysglobe til kapellet. Ordførar Hege, som sjølv vaks opp på Eidsland, hadde og med ei pengegåve på kr. 10.000 frå kommunen.

I rundt 20 år var det i si tid eit barne- og ungdomsarbeid

knytt til kyrkjelyden som heitte Liljekonvallen. Asbjørn Ekse sto i spissen for det arbeidet og delte gode minner frå den tida med festlyden.

Tekst: Frode Kvamsøe



ORIENTERING: Anny Leiren og dei fire klede, her utstilt i Stamnes kyrkje. Foto: Monika Myster Dyvik

Klede til lesepulten

I høve jubileet på Eidsland laga Anny Leiren fire klede til lesepulten der, slik ho og har gjort til Stamnes kyrkje. Det raude kledet – fargen ein nyttar t.d. til kyrkjejubileum – er å sjå på framsida av Kyrkjebladet.



HISTORIE: Anne Margrete Eikefet orienterte om kapellet, med dei fem lyttande prestane bak seg.

Foto: Jan-Egil Dyvik

Me er ein kjekk gjeng i soknerådet!

Ei som er sterkt engasjert i Eidsland kapell og kyrkjelydslivet der er Anne Margrete Eikefet.

Og då det var jubileum der i førre månad var det mykje som skulle gjerast.

- Hadde me visst kor mykje det var skulle me byrja lenge før, seier ho. Det var mykje som skulle gjerast både i og rundt kapellet slik at det vart klart til feiringa, og det er ein

god dugnadsgjeng som har stått på.

Anne Margrete laga mellom anna ei lita utstilling som folk framleis kan sjå i våpenhuset.

Barndom og vaksenliv

Det var på Trefall i Eksingedalen at Anne Margrete

vaks opp. Ho minnest at dei nytta sykkel då dei skulle til Nesheim på gudsteneste. Ho sat på bagasjebrettet. Familien flytta til Haugen i Fagerdalen då ho var 12 år.

- Då hørde me til Eksingedalen sokn, og det var Yngve Lavik som sytte for skyss til

gudstenestene på Flatekval.

Frå 1990 har Anne Margrete budd på Eikefet saman med mann og born – og då er det Eidsland kapell som har vore heimekyrkja I over 20 år arbeidde ho i butikken på Lavik, ti av dei som styrar. Seinare har ho arbeidd i 29 år



DUGNAD: Monica Myster Dyvik og Anne Margrete har i mange år lagt ned ei stor dugnadsinnsats på kyrkjegarden på Eidsland.

Foto: Privat



FAGERTUN LEIRSTAD: Anne Margrete har brukt mange timar på Fagertun sitt kjøkken.

i Modalen kommune: På Sjukeheimen, som heimhjelp og no i barnehagen. Ho har og arbeidd i barnehagen på Eidsland og som heimhjelp i Vaksdal kommune, og 17 år i BKK.

- Sidan det var små stillingar eg hadde kunne eg ha fleire jobbar samstundes.

Fagertun leirstad

Fagertun leirstad har vore viktig sidan ho var lita. Dei gjekk forbi til og frå heimen på Haugen, og kunne mellom anna fylgje med på når den gamle skuletomta vart til Fagertun leirstad. Seinare har ho vore sterkt engasjert i leirstaden, og er no med i husastyret. Og Anne Margrete er ikkje vanskeleg å spørje når det trengs kjøkkenpersonell på leir. Det har blitt mange leirar på ho opp igjennom, inkludert konfirmantleirar.

- Det har vore kjekt å få vere saman med born og unge på leir.

Sokneråd

Sidan 1994 har Anne Margrete vore med i soknerådet i til saman over 20 år. Dei siste periodane har ho og vore soknet sin representant i Vaksdal kyrkjelege fellesråd. Då dei kyrkjelege fellesråda var nye i den norske kyrkja på slutten av 1990-talet var ho og leiar der i om lag to år.

- Ein får jo eit ansvar når ein kjem med i soknerådet, og eg har teke det ansvaret. I soknerådet tok eg mellom anna initiativ til å ha kyrkjegardsdag på Eidsland og å ha gudsteneste på fjellgarden Leiro på Olsok. Og i dette arbeidet har eg fått vore saman med mange fine og gode folk. Me er ein kjekk gjeng i soknerådet!

Dugnadsarbeid

I mange år har ho og Monica Myster Dyvik vore engasjerte i dugnadsarbeidet på kyrkjegarden der, samt stått i bresjen for den årlege kyrkjegardsdagen. Og no har Anne Margrete altså vore sterk engasjert i feiringa av «kyrkja på Eidsland», som dei gjerne seier der.

- Det var veldig kjekt å treffe så mykje folk då, og me har fått gode tilbakemeldingar etterpå.

Tekst: Frode Kvamsøe



KONSERT: Anne Margrete Eikefet orienterte om kapellet, med dei fem lyttande prestane bak seg.

Konsert

Som ein del av jubileumsfeiringa vart det og ein konsert med Berit Opheim og Ruben Gjertsen (biletet). Han fann stad laurdagen før sjølve jubileumsfeiringa, og dei fram-møtet fekk høyre folketonar frå mellom

anna Eksingedalen og Bergsdalen.

Somme av desse song Berit åleine, medan Ruben hadde arrangert andre av dei – og jamvel nytta digitale lydspor som bakteppe.

Nytt namn på soknet!

Stamnes sokneråd søkte i vinter om å få endre namnet på soknet til Stamnes og Eidsland sokn. Dette gjorde dei for å gjere tydelegare at sjølv om det er to bygder med kvar sitt gudshus høyrer dei likevel saman. Og svaret dei fekk var positivt: «Björgvin bispedømeråd gjorde i møte 24. mars 2025 følgjande vedtak: Björgvin bispedømeråd

gjer vedtak om å endra namnet på Stamnes sokn til **Stamnes og Eidsland sokn**.

Og med den endringa har soknerådet og fått nytt namn: **Stamnes og Eidsland sokneråd**.

Soknerådet melder at namneendringa vart gjeldande 1. mai.

Jubileumsbok

Det vert arbeidd med eit jubileums-skrift for Eidsland kapell. Det skal bli ferdig i haust – og vil høve som ein flott julepresang!

Me som er i skrift-nemnda ynskjer å få inn stoff til dette skriftet. Både gamle bilete og gode forteljingar frå livet i og rundt kapellet er noko me ynskjer å ha med.

Så har du stoff – ta kontakt med oss!

Telefon: 979 52 085. E-post: ovems57@gmail.com

Helsing skrift-nemnda v/Ove Magne Straume



Din støtte redder liv

Bli fast giver! Gi ett menneske rent vann livet ut – hver måned. Send SMS med kodeord **LIV** til **2426** (300,-/md.)



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

www.kirkensnodhjelp.no



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Veggen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Veggen i Vaksdal på Facebook!

Borna sin påskedag i kyrkjene

Palmesundag inviterte me til Borna sin påskedag i Vaksdal og Eksingedalen kyrkjer. Sjuåringar var spesielt inviterte, og alle andre var sjølvsagt velkomne òg! Dei som var til stades fekk oppleve påskeforteljinga enkelt dramatisert ved at Fredrik prest gjekk i rolle som Jesus, og dei som var i kyrkja fekk òg på sitt vis vera med på det som hende, om det var å vifta med palmegreiner på palmesundag, få føtene «vaska» på skjærtorsdag, eller koma med blomar til grava på påskedag. Etterpå fekk dei som villa laga seg påskeegg eller sommarfuglar. Sommarfuglen er gjennom ulike stadie før den blir sommarfugl, og det kan vera eit symbol på det som hende med Jesus i påska.



BORNA SIN PÅSKEDAG: Jesus sitt inntog i Jerusalem, på eit tøyesel i Eksingedalen.

Gudsteneste på Skipshelleren



GUDSTENESTE: Skipshellergudsteneste - Under helleren sat me tørt under gudstenesta!

Kristi Himmelfartsdag var det gudsteneste på Skipshelleren på Straume, der femåringar var særskild inviterte. Gudstenesta var under helleren sidan det var utrygt for regn. Kristin fortalte om sauene som blei borte for bonden, før borna hjalp med å finna den. Etterpå var det lek, bål og pølsegrilling ved fjorden for alle som var med.

KNØTTESONG:

Knøttesong på Vaksdal - Terje og Olav leikar etter knøttesongen i Vaksdal.



Baby- og småbornssong, knøttesong og generasjonssong

Me har også i vår hatt samlingar i Dale bedehus og Vaksdal kyrkje, med baby- og småbornssong for born 0-2 år på førermiddagen, og knøttesong for born 1-5 år på ettermiddagen. På Stamnes har me hatt knøttesong for 0-5 år, nokre laurdagar i Allaktivitetshuset. Det har vore fint å treffa både nye og kjende! Ekstra fine er kanskje samlingane med generasjonssong som me har hatt på Daletunet og Jamnetunet ein gong i månaden, det er kjekt å sjå kor mykje glede borna spreier til alle dei møter. Takk for i vår, til alle som har vore med!

Etter skuletid på Vaksdal

Annakvar onsdag har me hatt Etter skuletid for 5.-7. trinn på Vaksdal med mat og prat og av og til aktivitetar. På grunn av kollisjon med konfirmantarbeidet, har det ikkje vore Etter skuletid på Dale denne sesongen.



BESØK: Konfirmantane hadde besøk av Nordhordaland gravferdsbyrå som fortalte om jobben sin.

Konfirmantane konfirmerte

Fram mot konfirmasjonen i mai hadde årets konfirmantar ulike opplegg med oss, mest i Dale bedehus, i større og mindre grupper. Me hadde også ei digital sporløype rundt på Dale, med spørsmål frå konfirmanttida. Og me hadde besøk av eit gravferdsbyrå som fortalte om jobben sin, og konfirmantane fekk spørja om det dei lurte på. Fleire trakk fram dette som spennande og nyttig!





KVA SKJER PÅ VEGEN VIDARE?

Onsdagar frå 20. august

0-2 år

Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

Også i haust er det baby- og småbornssong vekselvis på Dale (oddetalsveker) og Vaksdal (partalsveker) på onsdagar kl. 11.30-13.30. Me startar opp onsdag 20. august i Vaksdal kyrkje fyrst, og heldt fram med samling i Dale bedehus onsdagen etterpå. Slik vil det rullera til og med fyrste ondagen i desember. Sjølv songstunda byrjar ca klokka 12, og før og etter er det prat, mat og lek. Håpar på å sjå både kjende og nye fjes, alle er hjarteleg velkomne! Fylg med på facebook-sida «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane.



Onsdagar frå 20. august

1-5 år

Knøttesong på Dale og Vaksdal

Knøttesong for born 1-5 år vert òg annakvar onsdag på Dale (oddetalsveker) og Vaksdal (partalsveker), kl. 17.00-18.00, med oppstart i Vaksdal kyrkje 20. august. Me syng og leikar, og et litt etterpå. Me har drikke og frukt, ta gjerne med niste om de ynskjer å eta kvelds saman med oss. Fylg med på facebook-sida «Baby-song, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» (sjå qr-kode) for oppdatert informasjon om samlingane.



Onsdagar frå 20. august

5.-7. trinn

Etter skuletid på Dale og Vaksdal

På onsdagar, rett etter at skulen er ferdig, kl. 14.00-15.00, for borna på mellomtrinnet. Me tenkjer det mest som ein uformell møtestad etter skuletid, der borna får enkel varmmat (oftast pølse i brød) og kan spela spel eller gjera ulike hobbyaktivitetar, eller berre prata og slappa av om dei vil det. Som fleire andre samlingar vert det vekselvis i Dale bedehus (oddetalsveker) og Vaksdal kyrkje (partalsveker).

Onsdagar frå 27. august

1.-4. trinn

Barnekor på Dale og Vaksdal

Me har til no hatt «Onsdagsklubb» for denne aldersgruppa på ettermiddagen, men ynskjer å erstatta denne samlinga med barnekor. Me har ikkje heilt setla korleis dette blir, så følg gjerne med på facebookside «Vegen i Vaksdal» (sjå qr-kode) der me vil leggja ut meir informasjon når me har det.



Torsdagar frå 11. september

4+

Barnekor på Stamnes

Det er òg barnekor på Stamnes som tidlegare. Dei brukar å ha korøving i Stamnes bedehus torsdagar kl. 17.00-18.00, og startar opp 11. september. På koret syng me nye og kjende songar, me får vera med på ein andakt, og så leikar me til slutt! Interesserte kan vera med i facebook-gruppa «Stamnes Barnekor» for å få oppdatert info.



Nokre laurdagar frå 9. august

0-5 år

Baby- og knøttesong på Stamnes

Også i haust vert det samlingar med kombinert baby- og knøttesong for born 0-5 år på Stamnes. Der samlast me i Allaktivitetshuset mellom kl. 12.00 og 13.00 desse datoane: 9. august, 3. oktober, 14. november og 5. desember. Fyrst er det songsamling, deretter er det ein enkel kafè for både oss og andre bygdefolk der ein får kjøpt seg både salt og søtt, alt etter kva ein vil ha. Som med alle andre samlingar: det går fint å koma frå andre bygder og vera med òg!

Frå september

0-105 år

Generasjonssong på Vaksdal og Dale

I samarbeid med Vaksdal frivilligsentral arrangerer me Generasjonssong på Daletunet og Jamnetunet nokre føremiddagar i månaden. Her inviterer me dei yngste (ca 0-2 år) og eldste i kommunen til å koma saman til ei sanserik samling med tradisjonelle og nyare songar. Tidspunkt er kl. 11.00-12.00 og datoar vert annonsert. Samlingane er i same etasje som hovudinngongen begge stadar. Kaffi og kaffimat etterpå!




FEST PÅ KYRKJEPLASSEN: Hyggeleg samver frivillige medarbeidarane i soknet.

Sommarfest på Vaksdal

Laurdag 14. juni baud Vaksdal sokneråd inn til fest på kyrkjeplassen.

Sol, varme, god mat og drikke sette ramma om ein fin kveld for mange av dei frivillige medarbeidarane i soknet. Kvelden vart fylt av song og samtalar, gjenomgang av innsatsen dei frivillige gjer og utfordringar til å melde seg til teneste.

Etter grillmat, kaffi, vaflar og is utan-dørs kunne vi gle oss over ein festleg konsert inne i kyrkja med trubadur og gatemusikant Ole-Johnny Borgersen.



MUSIKK: Ole-Johnny Borgersen hadde ein konsert han kalla «Blues i Guds hus». På biletet over gjev Oline og Anna blomster til trubadur Ole-Johnny og festleiar Tove Margrete.

Dåpsdag vart til bryllaupsdag!

Paret overraska alle!

Imre Christoffer Berge og sambuaren Annette Ådland ynskta å få døype sonen Lionel i Bergsdalen kyrkje – i kyrkja der Imre sjølv er både døypt og konfirmert.

Avtale vart gjort med ein av «hytte-prestane» på Berge, Marianne Bergsjø Gammelsæter. Og då den faste kyrkjetenaren var oppteken ein anna stad var det Imre sin far Dan som stilte som kyrkjetenar. Men dagen vart ikkje heilt som Dan – og dei andre gjestane den dagen - hadde tenkt. Dan fortel:

- Eg møtte tidleg opp i kyrkja for å avtala med prest og organist korleis eg skulle



DÅP OG BRYLLAUP: Imre Christoffer Berge og Annette Ådland overraska alle med bryllaup i dåpen til sonen. *Foto: Privat*

gjere mine oppgåver. Då sa Marianne at det vart ei ending fordi det skulle skje ein ting til: Bryllaup! Eg vart sett kraftig ut av den opplysninga,

men tårene som kom var gledestårer! Det var omtrent ingen som visste om vigsla, heller ikkje forlovarane. Dei trudde dei berre

skulle vere fadrar, og fekk ikkje vite det før dei fekk brystbukettane på seg like før dei gjekk inn. Og brura sin far skjøna ingen ting av at han ikkje slapp inn i kyrkja. Han visste ikkje at han snart skulle fylgje dottera si opp midtgangen.

Dåpen vart forresten ikkje gløymt i all ståheien! Og Lionel vart jamvel døypt i medbragt vatn – frå Bergsvatnet.

- Då me var samla til selskap etterpå understreka Imre at dette var Lionel sin dag. Bryllaupsfeiringa får koma ein anna gong!

Konfirmantar 2025



DALE KYRKJE 4. MAI: Framme frå venstre: Vilde Birkeland Johnsen, Ronja Andreassen Rabben, Guro Sandal Furubotn, Linnea Emilie Olsen Tveit, sokneprest Frode Kvamsøe, Sophia Ertesvåg, Johanna Bjørkheim Haugsvær, Tuva Olsnes Soltvedt og Linnea Fardal-Jakobsen. Bak frå venstre: Madeleine Rakfjord Sandvik, Emil Berntzen Bolstad, Ulrik Brekkhus, Markus Lid Toskedal, Jacob Sandvik Lee, Benjamin Grenasberg Holme, Magnar Grenasberg Ullevoldsæter, Tobias Hisdal Kyrkjeteig, Noah Martin Gjermo Eriksen, Benjamin Owe Fyllingslid og Johanne Hesjedal.

Foto: Janne Berge



VAKSDAL KYRKJE 4. MAI: Framme frå venstre: Adrian Kleiveland, Sunniva Njåstad Boge og Sofian Skare Elvheim. Bak frå venstre: Jakob Straume Audestad, Lucas Kleiveland Sæterdal, sokneprest Fredrik Hope og Jakob Steinsbø. Foto: Janne Berge

KONFIRMAN* 2026

No er påmeldinga open for dei som byrjar på 9. trinn til hausten og ynskjer å konfirmere seg i kyrkjene våre!

Du melder deg på via heimesida vår innan 22. august: kyrkja.no/vaksdal

Konfirmantopplegget startar med gudstenester der konfirmantane vert presenterte for kyrkjelyden sin dei påfølgande søndagane. Sjå lista over gudstenester bak i Kyrkjebladet.

Me kickar i gong undervisninga med langlaurdag i september, før det er undervisning i smågrupper annakvar veke rett etter skulen i oktober - mars.

Alle i aldersgruppa som er medlem i Den norske kyrkja får brev i posten om dette. Ta kontakt med oss viss du ikkje får brevet, men likevel vil vere konfirmant.

Vil du vita meir om konfirmantopplegget, har me eit **Orienteringsmøte for konfirmantar og/eller foreldre** **tysdag 19. august kl 18.00-19.00 i Dale kyrkje.**

De kan òg senda spørsmål til oss på e-post: vegen.vaksdal@kyrkja.no eller ringje kyrkjekontoret på 56 59 39 20.

Hjelp barn i hjem med rus



90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever!

Blå Kors

Gi din gave på **Vipps 936679**



Skarvastølen (Bergsdalen) 60.552971, 5.998969

Søndag 6. juli kl. 15.00

Stølgudsteneste, ved Skarvastølen, som ligg ved Bergsvatnet. Parkering ved betongbrua. Det tek om lag 15 min å gå. Vert ikkje vêret bra nok møtast me i lavvuen på Småbrekke. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Frode Kvamsøe (90 19 65 14).

Leiro (Eidsland) 60.736280, 5.845531

Tysdag 29. juli kl. 18.00

Olsokstemna på Leiro. Dette er ein fjellgard ovanfor Myster på Eidsland, og det tek ein dryg time å gå opp for dei som er i rimeleg god form. Det er nokre bratte parti, og ein går somme stader på relativt smale stiar. For dei som vil ha nokon å gå saman med er det felles avgang kl. 16.30 frå Saudefjøset på Myster. Vert ikkje vêret bra nok møtast me i kapellet. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Frode Kvamsøe (90 19 65 14).

Beinhelleren (Eksingedalen) 60.855905, 6.183390

Søndag 17. august kl. 12.00

Utegudsteneste. Det tek ca. 15 minutt å køyra frå Nesheim til Beinhelleren, på Fv. 5398 i retning Gullbrå. Etter å ha køyrt over Trefallbrua tek ein til venstre inn på Holskarvegen. Dette er ein anleggsveg som har grusdekke. Det er ca. 3 km til Beinhelleren frå krysset ved brua. Ein finn staden ved å søkje på «Holskarvegen 370» på internett. Vert ikkje vêret bra nok møtast me i Nesheim kyrkje. Har du spørsmål om turen kan du kontakte Magnar Nese (97 58 83 03).

Parken i Holhovden (Dale) 60.592875, 5.819554

Søndag 31. august kl. 11.00

FEST PÅ KJERKA

«Fest på kjerka» er eit uttrykk frå Sjømannskyrkja sitt arbeid rundt om i verda, og me freistar å få fram same kjensla når me skipar dette til i Messehagen kvart år. Sjømannskyrkja vert representert og set sitt preg både på gudstenesta og kyrkjekaffien. I gudstenesta vert og komande års konfirmentar presenterte. Vert ikkje vêret bra nok møtast me i kyrkja. Har du spørsmål kan du kontakte Frode Kvamsøe (90 19 65 14).

Sjekk heimesida (kyrkja.no/vaksdal) og Facebook for oppdatert informasjon.

DET SKJER I BEDEHUSA



VAKSDAL BEDEHUS

Songkveld søndag 22. juni kl. 18.00.

Storsamling søndagane 7. september og 28. september kl. 11.00

Søndagsskule i kjellaren kl 11.30 dei same dagane.

Føremiddagstreff torsdag 18. september kl 11.30.

Gjester: Reidun Skurtveit, Bjørg Stormark, Torhild Stav Skare, Karl Magnus Valle.

Andakt, song og musikk, matpause m.m.

Kollekt til Vaksdal Indremisjon.

Alle er velkomne!

Søndag 21. september kl. 11.00:

Møte i samband med Indremisjonsforbundet si generalforsamlinga på Sotra den helga.

DALE BEDEHUS

Onsdag 28. august kl. 19.00

Møte ved Asle Hetlebakke

Onsdag 17. september kl. 19.00

Møte ved Reidun Skurtveit

TREKKSPEL - GUDSTENESTE



Bergsdalsstemna går av stabelen søndag 7. september, og i år vert det trekkspelgudsteneste den dagen.

Det er **trekkspelgruppa Asbjørns** som kjem.

Dei har alt vore i fleire av kyrkjene i Vaksdal, og denne søndagen kjem dei til altså Bergsdalen kyrkje for fyrste gong. Dei vert og med på songstunda etter matøkta, og bidreg då både med musikk og song.

DALEDAGSQUIZEN

Vinnarane er Tove Margrete Nordmark og Heran Ogbu.

Dei har fått kvar sin pose Twist.

Takk til alle andre som og leverte inn svar!

OBS! MÅNDAGSKAFFI

Det vert ikkje Måndagskaffi i sommar.



Tlf. 417 94 104
E.post: tommy@tovielektro.no

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

VVS & INTERIØR

Din lokale rørlegger i Vaksdal

95 97 17 00



DALETEC

**Sæterdal
Elektro**

**Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 565943 00**



SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

Tlf 56 59 39 00 - www.spv.no



**Alt innan
tømrararbeid**

Tlf. 922 65 739

post@falkangerbygg.no



**Falkanger Bygg er
forhandlar av Idehus**
Sjå Idehus.no

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

**Vangen
Elektriske**

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Brannvarsling
- Teleinstallasjonar
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 - www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

- Selskap
- Levering av mat
- Minnesamvære

Tlf. 93 213 213

Vaksdal Blomster og
BEGRAVELSESBYRÅ
- omsorg ved livets slutt -

DITT LOKALE BYRÅ SIDAN 1984

DØGNVAKT: 56 59 74 70
WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO

joker

Åpningstider 06.00-00.00 mandag til lørdag.
*Velkommen til Stamnes for ein hyggeleg handel
i vår delvis fjernbetjente butikk.*

PHI NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ
Ditt lokale gravferdsbyrå

AVD. VAKSDAL
ALLTID HER FOR

deg

Ann-Elin M. Gullbrå Marit M. Alvheim

DØGNVAKT 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO
Me har lokalt kontor i Elvavegen 1, 5722 Dalekvam

PRELUDIUM 2

Du kan kjøpe
boka her:

Petersens Handleri
Dale kyrkje
Kyrjekontoret
www.zeth.no



**TRENGER DU NOEN
Å SNAKKE MED?**

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.
22 40 00 40 • soschat.no

KIRKENS SOS

Konfirmantjubleum til hausten

STAMNES

**Laurdag 20. september kl 17.00 i Stamnes kyrkje
og Stamnes bedehus**

Kl. 17.00: 50- og 51-års jubilantane er invitert til omvising og «drøs» i kyrkja. Kl. 18.00: Open fest i bedehuset. Matøkt og underhaldning. Festen er gratis for alle.

VAKSDAL

Søndag 5. oktober kl. 11.00 i Vaksdal kyrkje

For årets 50- og 60-årskonfirmantar. Gudsteneste i kyrkja, og festsamkome i bedehuset etterpå.

DALE OG BERGSDALEN

Søndag 12. oktober kl. 11.00 i Dale kyrkje

For årets 50- og 60-årskonfirmantane i Dale kyrkje og Bergsdalen kyrkje. Gudsteneste i kyrkja, og festsamkome i bedehuset etterpå.

Ta kontakt med soknerådet (sjå side 2) viss du er

konfirmantjubilant men ikkje har fått innbyding direkte.

Sokneråda sender innbyding til dei som står i kyrkjeboka som konfirmantar dei aktuelle åra. Men då somme har byta etternamn sidan den gong, eller av andre grunnar er vanskelege å få tak i, er det ikkje sikker ein når alle md innbydinga.

LIVETS GANG



DØYPTE

Dale

15.06 Nora Hammer Hesjedal

Bergsdalen

31.05 Lionel Ådland Berge

Nesheim

29.05 Lina Konstanse Gullbrå



VIGDE

Bergsdalen

31.05 Imre Christoffer Berge og Anette Ådland

Vaksdal

05.04 Jan Cato Telle og Myriam Morales Nava



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Dale

14.04	Margreta Boge	1942
29.04	Gunnar Jakobsson	1956
06.05	Ragnvald Kringlebotten	1947
14.05	Ragnhild J. Lønne	1935
25.05	Arne Jon Bøthun	1939
07.06	Arent Tysse	1938

Eidsland

17.04	Olga Møster	1922
-------	-------------	------

Stamnes

03.05	Aud Stamnes	1944
-------	-------------	------

Vaksdal

07.05	Reidar Herfindal	1934
-------	------------------	------



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 22. juni – 2. søndag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00
Gudsteneste ved Normann.

Søndag 29. juni – 3. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Jarle Veland.
Nattverd.

Søndag 6. juli – 4. søndag i treeiningstida

SKARVASTØLEN (i Bergsdalen) kl. 15.00. Stølgudsteneste ved
Kvamsøe. Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

Søndag 13. juli – 5. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Gullbrå. Nattverd.

Søndag 20. juli – Aposteldagen / 6. søndag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Gullbrå.

Søndag 27. juli – 7. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Tysdag 29. juli – Olsok

LEIRO (Eidsland) kl. 18.00. Olsokstemna ved Kvamsøe. Felles av-
gang frå Myster kl. 16.30. Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

Søndag 3. august – 8. søndag i treeiningstida

Ingen gudstenester i Vaksdal.

Søndag 10. august – 9. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Hope. Dåp. Nattverd.
Kyrkjekaffi.

Søndag 17. august – 10. søndag i treeiningstida

BEINHELLEREN (Trefall) kl. 12.00. Utegudsteneste. Hope.
Sjå omtale ein anna stad i Kyrkjebladet.

Søndag 24. august – 11. søndag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Vegen-gudsteneste.
Hope og Normann. Konfirmant-presentasjon.
VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Vegen-gudsteneste.
Hope og Normann. Konfirmant-presentasjon.

Søndag 31. august – 12. søndag i treeiningstida

MESSEHAGEN (Dale) kl. 11.00. Fest på kjerka!
Vegen-gudsteneste i samarbeid med Sjømannskyrkja. Kvamsøe.
Konfirmantpresentasjon. Kyrkjekaffi.
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Kvamsøe.
Nattverd. Kyrkjekaffi.

Søndag 7. september – 13. søndag i treeiningstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00 Bergsdalsstemna. Trekkspel-
gudsteneste. Kvamsøe og Asbjørns. Nattverd. Kyrkjekaffi og samling
i kyrkja etterpå.

Søndag 14. september – Vingardssøndagen /

14. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Hope. Nattverd.
Kyrkjekaffi.
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.
Kyrkjekaffi.

Oppdaterte opplysningar om gudstenestene finn du her:

Annonsar i lokalavisa same veka, på plakatar, på kyrkja.no/vaksdal og på skjerikyrkja.no

Ta kontakt med kyrkjekontoret ved ynskje om dåp.



Døype barnet - eller bli døpt sjølv?

Ver velkomen til dåp!

Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon: 56 59 39 20

Epost: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Post: Postboks 113, 5721 Dalekvam

Kom innom: Fabrikkvegen 3 på Dale

Heimeside: www.kyrkja.no/vaksdal

Tidlegare fekk me melding om alle nyfødde,
og kunne sende innbyding til dåp.

No får me ikkje lenger den informasjonen,
og kan difor ikkje sende innbyding direkte.



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjelydane i Vaksdal